

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

Arkivsak : 16/223 -  
Arkivkode: 504

Sakshandsamar: Nils Eivind Hansen

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 59/16	FORMANNSKAPET	07.09.2016

### FRAMLEGG TIL ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR FLORNES – DEL AV GNR. 165 BNR. 1, 2, 3 M.FL.

- |                         |     |  |
|-------------------------|-----|--|
| <b>Vedlegg:</b>         | 1.  | <b>Planframlegg i målestokk M=1:500</b>                    |
|                         | 2.  | <b>Planframlegg i målestokk M=1:2000</b>                   |
|                         | 3.  | <b>Plankart for Flornes vedteke 12.05.15</b>               |
|                         | 4.  | <b>Møtebok sak DS 92/16</b>                                |
|                         | 5.  | <b>Epost dagsett 22.06.16 frå fylkesmannen i Hordaland</b> |
|                         | 6.  | <b>Skriv dagsett 05.07.16 frå Hordaland fylkeskommune</b>  |
| <b>Uprenta vedlegg:</b> | 7.  | <b>Søknad dagsett 11.05.16 frå Oddbjørn Røstbø</b>         |
|                         | 8.  | <b>Notat og saksprotokoll frå formannskapet 01.03.16</b>   |
|                         | 9.  | <b>Kartutsnitt kommuneplanen</b>                           |
|                         | 10. | <b>Førespurnad dagsett 10.11.15 frå Oddbjørn Røstbø</b>    |

### SAKSUTGREIING:

Som det framgår av delegasjonsvedtak i sak DS 92/16 vart framlegg til endring av reguleringsplan for del av gnr.165 bnr.1, 2, 3 m.fl. - Flornes utlagt til offentleg ettersyn. Endringane gjeld kun i plankartet.

Endringsframlegget vart kunngjort i «Bladet Tysnes» samt på heimesida til kommunen den 23.06.16. Aktuele naboar innan planområdet vart tilskrive i eige skriv dagsett 21.06.16. Vidare vart planframlegget sendt offentlege instansar for uttale same dag. Høyringsfrist var 08.08.16.

Det er ikkje kome inn vesentlege merknader til endringsframlegget.

Fylkesmannen i Hordaland har i epost av 22.06.16 gjeve tilbakemelding om at det er ingen merknader til endringa.

Hordaland fylkeskommune har i skriv av 05.07.16 konkludert med at det er ingen vesentlege merknader til planendringane, men ber om at det vert teke omsyn til landskapstilpassing og silhuettverknader frå sjøen ved utbygging. Vidare har fylkeskommunen vurdert saka som re-

gional styresmakt for kulturminnevern. Fylkeskommunen opplyser at det er ingen merknader til endringane når det gjeld kulturminne.

Det er ikkje kome tilbakemelding frå andre aktuelle partar innan fristen.

Med bakgrunn i det som framgår ovanfor og saksutgreiing i sak DS 92/16, meiner fagetaten at endringane kan godkjennast som ei mindre endring i samsvar med § 12-14 2.ledd i plan- og bygningslova:

*Kommunestyret kan delegere myndigheten til å treffe vedtak om mindre endringer i reguleringsplan eller til å vedta utfyllinger innenfor hovedtrekkene i reguleringsplanen.*

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Med heimel i § 12-14 i plan- og bygningslova vert endring av reguleringsplan for del av gnr.165 bnr.1, 2, 3 m.fl. – Flornes dagsett 03.05.16 sist revidert 11.05.16, godkjend.

#### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 07.09.2016:**

I samsvar med innstilling.